

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG</b>	Regionutvalgsmøte Vest	
<b>Møtested:</b>	Teams	
<b>Dato/tid:</b>	19. mars 2021 kl. 10.00	<b>Protokoll:</b> 01/21
<b>TIL STEDE:</b>		
<b>Arbeidsutvalget:</b>	Lidvin Hage, Karen E R Sæbø, Bjarte Myren, Steinar Evebø, Oddbjørn Øverland, Reidar Kallestad,	
<b>Regionutvalget:</b>	Jon O Nummedal, Odd Inge Feidje, Lise Elvagjeng, Hege Våtevik, Ole Bjarne Hovland, Bjarte Nordanger, Jan Ivar Kjelby, Per Magnar Sognnes, Erlend B. Fossen, Ola Kongsvik, Vidar Heggheim, Sindre Aasen, Anita Sæther, Olav Myrholt, Ørjan Russenes, Tormod Selvik, Ove Bruheim, Sonja Skaare Esperø, Bastian Weiberg-Aurdal, Per Ivar Skodjereite, Marius Klever, Kjetil Gjul (vara for Lasse Øvstdal), Geir Ole Ervik, Sara Larsson, Roger Brudevold, Olav Reenskaug Fjørtoft, Jan Øystein Aksnes, Vegard Lystad, Anne Karin Røssbø, Harry Bakken, Torstein Alvestad, Lars Ove Rimmereid, Eivind Nesse, Nils Magne Jakobsen, Steffen Skogland jr., Åshild Våge, Sissel Bøthun, Atle Mariussen (vara for Asgeir Nøttveit), Jonny Soltveit, Haakon Olai Lie, Stein Olav Hauge, Sjur Rondestveit, Leif Lirhus, Hans Arne Breivik, Jannicke Vassnes, Gerd Karin Njåstad, Kari Marie Njåstad, Sjur Åkra, Egil Otto Håkull, Ragnvald Stople, Inga Steinsland, Hanne Lundal, Berit Dale, Hans Olav Gausvik	
<b>Valgkomité:</b>	Asgeir Nøttveit,	
<b>Andre:</b>	Synnøve Kjellstad, Bjørn Petter Rygg	
<b>Forfall:</b>	Oddmund Kvalsik, Kristoffer Dalland, Morten Brekne Anda, Harald Skjerdal, Jan Helge Hjelmeland, Arild Garen Svardal, Bjørn Vedå, Arild Hebnes, Jan Roy Eide, Marius Opedal, Kjellrun J Eik, Solveig Berg, Kjell Ove Høydal, Daniel Hoel, Sigurd Reksnes, Lasse Øvstdal, Ørjan Stenerud,	
<b>Konsernstyret:</b>	Jan Erik Fløtre	
<b>Administrasjonen:</b>	Kjell S. Rakkenes, Einar Risnes, Ingvill Jørgensen, Per A. Landa, Øyvind Hebnes, Svein Bjarne Sommernes, Alexander Ziegler.	
<b>Referent:</b>	Ingvill Jørgensen	

Sak nr	
1	<p><b>Konstituering, godkjenning av innkalling og sakliste</b></p> <p><b>Opprop</b></p> <p><b>RU-leiar si orientering</b></p> <p><b>Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent</b></p> <p><b>Lidvin Hage orienterte om utfordringar dette året med nesten ingen fysiske møteplassar, men at ein har likevel jobba godt på Teams. Saknar likevel den rette fysiske kontakta, ikkje berre i AU men også mot kretsutvala.</b></p> <p><b>Lova at det skal verte samkome når det vert mogleg, og at ein planlegg eit RU-møte 27. – 28. oktober for både Vest og Agro.</b></p>
2	<p><b>Oppsummering av kretsøta – sak om samanslåing av kretsar og endring av namn.</b></p> <p><b>Ingvill la fram saka, 8 møter på Teams og med därleg frammøte – i underkant av 10% av medlemene møtte, mot 20,2% i 2020.</b></p>

	<p><b>Innspel og spørsmål vert tekne vidare inn for oppfølging.</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering. Regionutvalsmøtet vedtar samanslåing av kretsane 78 og 79 til krets 78-Indre Hordaland, og vedtar også namneendring på krets 56 til Indre Sunnmøre.</p>
3	<p><b>Drøfting av årsmelding og rekneskap 2020 i Nortura SA; drift og marknad også inn i 2021.</b></p> <p>Jan Erik Fløtre la fram saka.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vart ingen slakta sau etter teljedato 1. mars lagd inn på reguleringslager når dette er tomt?</li> <li>• Kopp-lam – kjem denne ordninga att i år?</li> <li>• Egg – kva med sal og eventuell overproduksjon her? Og vert det arbeidd med differensiert omsetningsavgift for å hindre ny-estableringer?</li> <li>• Etterlyser renteutbetaling på inneståande kapital.</li> <li>• Treng meir slakt – vi må verte flinkare til å ta vare på dei små dyra for å produsere meir kjøt.</li> <li>• Salmonella – har Nortura sett på å importere frå Skandinavia?</li> <li>• Treng gris inn – utfordring at vi får endå meir auke i storleik og i tillegg slaktestopp i påska. Er det aktuelt å vurdere auke i konsesjonen for kortare tid slik som i kvoteordninga for mjølk?</li> <li>• Er det mogleg å auke pris til produsent i denne situasjonen med Korona?</li> <li>• Import og Noridane – kven importerer kjøtet?</li> <li>• Den nye avtale om kviger og auka kjøtproduksjon på eksisterande dyr – kvifor kjem den så seint som 1. mai når vi manglar kjøt?</li> <li>• Kvifor er det dårleg pris på lam no i mars når vi treng påskelam?</li> </ul> <p>Spørsmåla vart svarde ut av Jan Erik og AU-medlemmar.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering.</p>
4	<p><b>Tilførsel/Medlem.</b></p> <p>Tilførselsleiar i Vest, Per Landa, orienterte om tilførselskampanjen, og tilsetting av rådgjevarar i Nord-Rogaland og Hordaland.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• I tala på tilførsel – er dette dyr eller produsentar?</li> <li>• Er skuffa over at ein ikkje fekk ei heil stilling på rådgjevar i Hordaland når dette var meldt inn som heilt nødvendig. Dårleg handtert sak, dette må ikkje gå ut over Hordaland.</li> <li>• Kven er i felten for å få inn meir tilførslar frå områder med låge marknadsandelar som f. eks. Kvinnherad?</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering, og ventar at Hordalands-området vert prioritert for oppfølging framover.</p>
5	<p><b>Kommunikasjon, både internt og ut – bonde og forbrukar.</b></p> <p>Kjell Rakkenes orienterte om saka, og fokuserte på at berekraft må inn i framtidig kommunikasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva med importert salmonella – ser at mange ikkje skil mellom Nortura og Gilde. Kva med kontroll her før varer går ut i marknaden?</li> <li>• God presentasjon – men saknar meir om økonomisk berekraft, dette er vesentleg for totaliteten.</li> <li>• Berekraft og klimavenleg – vanskeleg på kjøt når 70% av import av soya går til oppdrettslaks og veganarar. Her må vi gjere noko med kommunikasjonen.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>

6	<p><b>Digitalisering og utvikling.</b></p> <p><b>Einar Risnes orienterte om kva ein jobbar med no, og kva som kjem seinare.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Klara – treng å kunne få dette for levande dyr.</li> <li>• Har fått nytt medlemsnummer på grunn av kommunesamanslåing – men dette fungerer ikkje på Medlemsbutikken. Dette må ordnast opp i.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
7	<p><b>Diskusjonar/Open post.</b></p> <p><b>Innspel og spørsmål:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvifor er det differanse mellom innspela til jordbruksforhandlingane til Nortura og Norsvin?</li> <li>• Nortura er altfor dårleg til å følgje opp produsentane – her må ein verte betre.</li> <li>• Den nye storfeavtalen – kvifor kvalitetskalv-produksjon når ein treng storfekjøt i marknaden sjølv utan HoReCa marknaden som ligg nede. I denne situasjonen teiknar Nortura nye avtaler på kvalitetskalv-produksjon. Dette må vere feil. Naudslakt – feil å ha differensiering i pris opp mot tidspunkt – vi kan ikkje planlegge naudslakt.</li> <li>• Vi treng meir kjøt over linjene – kvifor er ein då ikkje meir ute for å auke tilførslane. Det kan også brukast telefon mor produsentane i denne situasjonen. Må verte betre på oppfølging.</li> <li>• Har snakka lenge om tilførslar og bemanning i Hordaland, er svært skuffa over det som har skjedd her med alle rådgivarar i Sandeid sjølv om signala inn om at ein person skulle vere i Hordaland. Det vert mykje køyring frå Sandeid og lite lokal kunnskap. Ille at tillitsvalde ikkje vert høyrde og bruke på ein god måte.</li> </ul>
8	<p><b>Info frå sentral valkomite</b></p> <p><b>Bjarte Myren, medlem i sentral valkomite orienterte om innstillinga.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er det nokon som har småfe av medlemane i konsernstyret?</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
9	<p><b>Val</b></p> <p><b>Anita Sæther, leiar i Regional Valkomite la fram innstillinga.</b></p> <p><b>Det var 49 med stemmerett under valet.</b></p> <p><b>Leiar RU for 1 år – Lidvin Hage – gjenval – 45 stemmer, 3 blanke</b>  <b>Nestleiar RU for 1 år – Karen E. R. Sæbø – gjenval – 36 stemmer, 1 blank</b>  <b>AU-medlem storfe for 2 år – Bjarte Myren – gjenval – 49 stemmer</b>  <b>AU-medlem småfe for 2 år – Reidar Kallestad – gjenval – 45 stemmer, 4 blanke</b></p> <p><b>Vara AU for 1 år:</b>  <b>Storfe – Per Ivar Skodjereite – gjenval</b>  <b>Småfe – Synnøve Kjellstad – gjenval</b>  <b>Gris – Sara Larsson – ny</b>  <b>Egg – Bjørn Petter Rygg – gjenval</b>  <b>Fri – Håkon Olai Lie – ny</b>  <b>Alle valde med 47 stemmer</b></p>

	<p><b>Årsmøteutsendingar for 2 år:</b>  <b>Per Ivar Skodjereite – gjenval</b>  <b>Sara Larsson – ny</b>  <b>Kjetil Gjul – ny</b>  <b>Alle valde med 49 stemmer</b></p> <p><b>Vara for årsmøteutsendingar for 1 år:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <b>Håkon Olai Lie – ny</b></li> <li>2. <b>Ragnvald Stople – gjenval</b></li> <li>3. <b>Hege Våtevik – ny</b></li> <li>4. <b>Sindre Aasen – ny</b></li> <li>5. <b>Asgeir Nøttveit – ny</b></li> <li>6. <b>Sissel Bøthun – ny</b></li> <li>7. <b>Bastian Weiberg-Aurdal – ny</b></li> </ol> <p><b>Alle valde med 49 stemmer</b></p> <p><b>Medlemar i regional valkomite for 3 år:</b>  <b>Gerd Karin Njåstad – ny</b>  <b>Jon O. Nummedal – ny</b>  <b>Begge valde med 47 stemmer</b></p> <p><b>Leiar i regional valkomite for 1 år:</b>  <b>Arild Hebnes – ny – 46 stemmer, 1 blank</b></p> <p><b>Nestleiar i regional valkomite for 1 år:</b>  <b>Kjetil Gjul – gjenval – 46 stemmer, 1 blank</b></p> <p><b>Vara for regional valkomite for 1 år:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <b>Ann-Jorunn Farestveit – ny</b></li> <li>2. <b>Lillian Flø – gjenval</b></li> <li>3. <b>Ragnvald Stople – ny</b></li> </ol> <p><b>Alle valde med 49 stemmer</b></p>
10	<p><b>Eventuelt</b></p> <p><b>Innspel og spørsmål:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis få til ein normalsituasjon på gris med høgast mogleg inntening og best mogleg balanse i marknaden?</li> <li>• Småfe – kva med nisjeproduksjon og korleis ser Nortura på dette? Lite presis info om ein tar retur/nisje.</li> <li>• Vi bønder går ned i antal – kvifor vert oppfølginga ute også berre därlegare og därlegare med lågare antal å besøke? Har ikkje hatt besøk enno – starta opp i 2007. Dette er for därleg om ein vil behalde og auke tilførslane!</li> <li>• Har nisje slakting i Førde – får svært god service. Men viktig at Reko-ringar har eigen kjølekapasitet, vanskeleg å levere/hente den dage det passar for alle.</li> <li>• Om det ikkje vert gjort ein betre jobb ute mot produsentane så er eg ikkje sikker på om ikkje eg leverer neste okselass til NK!</li> <li>• Etterlyser info om sak som var teken opp om feil i avrekning – Per sjekkar her.</li> </ul> <p><b>Ny organisasjonsleiar i Agro og Vest – Øyvind Hebnes – presenterte seg.</b></p>

	<p><b>Reidar Kallestad og Bjarte Myren takka for tilliten frå møtet.</b>  <b>Reidar bad om at alle som har noko å informere om frå det som skjer på bygda – ta telefonen og ring oss eller rådgivarar. Viktig å ta tak i ting fort.</b></p> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering</b></p>
<b>11</b>	<p><b>Oppsummering av møtet</b>  <b>Lidvin takka for tilliten – og oppsummerte møtet slik:</b>  <b>Det vart eit komprimert møte, aktivt; men saknar fysiske diskusjonar og sosialt samver.</b>  <b>Set av datoane for fysisk møte til hausten.</b></p> <p><b>Vel blåst!</b></p>
	<b>Møtet slutt</b>